

ULRIKEN TAUBANESELSKAP AS
Statsminister Michelsens veg 38
5230 PARADIS

Dato: 13.04.2018
Vår ref.: 2018/9120-2
Saksbehandlar: torrods
Dykkar ref.:

Søknad om dispensasjon frå ruteløyve - melding om vedtak

Vi viser til dykkar brev motteke 18.03.18 med søknad om dispensasjon frå kravet om ruteløyve for bussrute på strekninga Bergen sentrum – Haukelandsbakken.

Fylkesdirektør samferdsel har i dag gjort følgjande **vedtak**:

Med heimel i yrkestransportforskrifta § 36 a) godkjenner fylkesdirektøren søknad av 18.03.18 frå Ulriken Taubaneselskap AS om dispensasjon frå kravet om ruteløyvet for bussrute på strekninga Bergen sentrum – Haukelandsbakken på følgjande 3 vilkår:

- a) Dispensasjonen gjeld ikkje lokal rutetransport.
- b) Dispensasjonen gjeld for rutetransport i perioden frå og med 5. mai 2018 til og med 5. august 2018.
- c) Turvognløyve i original skal følgje materiell som vert nytta i drifta.

Grunngjeving: Ulriken Taubaneselskap har dokumentert at dei oppfyller krava til løyve i yrkestransportlova § 4. Fylkesdirektøren finn at den omsøkte verksemda er av lita betydning og at den ikkje skadar annan rutetransport.

Dette dokumentet tener som dokumentasjon på løyvefritaket. Dokumentet skal oppbevarast på hovudkontoret. Kopi av dokumentet skal følgje materiell som vert nytta i drifta. Det same skal turvognløyve i original og dokumentasjon på disposisjonsrett over materialet.

Rolf Rosenlund
Seksjonsleiar
e. f.

Tor Harald Rødseth
Seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

